



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 13, 13. april 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Professor Gamlem orienterte Parlamentet i Storbritannia

[Professor Siv M. Gamlem](#), AHL, heldt 22.mars innlegg i Parlamentet i Storbritannia. Parlamentskomiteen for skular, læring og vurdering (APPG for Schools, Learning and Assessment) hadde invitert Gamlem til å snakke om korleis vurderingssystemet i Norge fungerer i grunn- og vidaregåande skule. Agenda for møtet var retta mot internasjonale perspektiv på vurdering. I tillegg til Gamlem så heldt tre professorar frå Singapore, Australia, og England innlegg. Gamlem har arbeida systematisk med forskings- og utviklingsarbeid om vurdering sidan 2007, og er mellom anna [Noreg sin](#)



Søknadsfristen i samordna opptak går ut 15. april

Høgskulen i Volda har i haust 31 studietilbod som er tilgjengelege for søking i [Samordna opptak](#). Søknadsfristen går ut 15. april. I tillegg har Høgskulen i Volda over 90 studietilbod som ikkje ligg inne i Samordna opptak, men som kan søkast på gjennom nettsidene våre. [Her er informasjon om alle studietilboda våre hausten 2023.](#)

LES MEIR

[representant i det internasjonale nettverket IEAN.](#)

LES MEIR



HVO samarbeider med Ukrainsk universitet

Høgskulen i Volda innleiar samarbeid med det ukrainske universitetet [TNU \(Tavrida National University\)](#). Universitetet flytta frå Krim til Kiev i 2014 då Russland okkuperte Krim, og vart opphavleg starta som eit universitet særleg for minoriteten Krim-tartarar. Det er mest truleg innanfor mediefaga konkrete samarbeid vil starte.

LES MEIR

Radio Volda fyller 50

Øvingsradioen til mediestudentane, [Radio Volda](#), hadde si første sending 3. april 1973 og har dermed nett passert 50 år. Dette vart blant anna markert med ein attersynsartikkel i Sunnmørsposten 3.4.2023. [Avdeling for mediefag reknar 1971 som sitt startår](#), men to år etter kom dei altså på lufta med det som kan reknast som landets første nærradio.

LES MEIR

Studium og studentliv

Informasjon om studieavgift for 2023/2024

Høgskulen i Volda har løpande informert internasjonale søkarar om at det vil kome studieavgift for studieåret 2023/2024, men no er [informasjonen også tilgjengeleg på ei eiga nettside](#). På NIS vil det

koste kr 75.000 pr år, og på Master in Media Practices er prisen kr 115.000 pr år for studentar som kjem frå land utanfor EU, EØS og Sveits.

Kva skjer i Volda og Ørsta? Sjekk ut nettsida orstavolda.no

På nettsida orstavolda.no er det ein veldig brei og oppdatert [kalender med oversyn over arrangement i Volda og Ørsta innanfor kultur- og idrett](#). Ørsta Næringskontor er [ansvarleg for nettsida](#) som også tek i mot tips og informasjon om arrangement.

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Pasta bolognaise vegan/vegetar
Tysdag: Teriyakimarinert laks med ris grønsaker
Onsdag: Kylligfajitas med heimelaga salsa
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning

Bernt Hagtvet føreles om den russiske revolusjonen - og Hitler - på HVO 19.4.2023

[Professor em. Bernt Hagtvet](#) held to opne førelesingar på Høgskulen i Volda 19. april. Den første om den russiske revolusjonen i 1917, og den andre om då Hitler tok makta i Tyskland. Førelesingane er gratis og opne for alle. Arrangørar er forskergruppene Mediene og det internasjonale samfunnet og Forskergruppa Kulturmøte. [Førelesingane blir haldne i Vesle BK auditorium onsdag 19. april klokka 10-12, og 13-15.](#)

Bernt Hagtvet er ein norsk statsvitar, skribent, debattant og professor emeritus i statsvitskap ved Universitetet i Oslo. Han er ekspert på ekstreme politiske rørsler, demokrati- og menneskerettsstudium og studiar i folkemord. [Les om Bernt Hagtvet også i Store Norske Leksikon.](#)

Fire nye emne på engelsk

Internasjonalt utval har vedtatt å tildele midlar til utvikling av fire nye engelskspråklege emne. Dei fire emna som alle får kr 50.000 i støtte til utvikling er:

- Institutt for digital kompetanse, AHL – Professional digital competence and media literacy

- Institutt for språk og litteratur, AHL – An Introduction to Old Norse
- Institutt for PR & kommunikasjon, AMF – Growthlab: Brand Identity Development
- Institutt for teater, AKF – Acting for the Camera

Det hadde i alt kome søknader om midlar til åtte emne.

Biblioteket gir vekk kasserte bøker - igjen

Biblioteket ryddar heile tida i hyllene og no har det vorte sett ut bøker som biblioteket har kassert - men som kan få ei ny bokhylle ein annan stad. Kanskje hos deg? Bøkene å finne i andre etasje i biblioteket. Først til mølla ...! Biblioteket ber pent om at alle sjekkar at bøkene har fått stempel om at boka er "Utgått or biblioteket", eller at strekkoden har vorte kryssa over. Feil kan skje, og bøker kan bli feilplasserte.

Biblioteket: 100-tals e-bøker - og mange andre nye bøker

Biblioteket ved Høgskulen i Volda la like før påske ut mars-lista over nye bøker, og denne gongen kom dei også med ei liste over ca. 100 e-bøker som HVO-tilsette og studentar får tilgang til. [Sjå listene på biblioteket sine nettsider.](#)

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 15. mai

Fram til 15. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2023. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 22. september 2023. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#). Dei som ønsker å nominere nokon klikkar på lenke til nettskjema som vart sendt ut i e-post frå rektor 22. mars.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrev frå Læringsverkstaden.](#)

Styre og stell



Boring ved Hans Strøm-huset - stengde parkeringsplassar - og støy

Hans Strøm-huset skal i framtida bli oppvarma også ved hjelp av jordvarme. Eit ledd i dette arbeidet er er å bore "energibrønner". Frå ca. 11. april og tre veker framover skal selskapet Norsk Boreteknikk

bore energibrønner ved Hans Strøm-huset. Boringa vil ikkje gå stilt for seg og arbeidet går frå kl 7 om morgonen og til kl 19 om kvelden. I anleggstida vil selskapet også disponere ein del av parkeringsplassane i området - sjå bildet.

Mykje villparkering ved Høgskulen i Volda

Det vert rapportert om mykje feilparkering i Joplassvegen, og vi minner om at det er lagt til rette for alternativ parkering på Rotevass-tomta ved Ivar Aasen-huset, med innkøyring frå Sjukehusvegen. Det er også parkeringsplassar under Volda Campus Sparebank1 Arena og ved Berte Kanutte-huset og Kaarstad-huset, med innkøyring frå Kårstadvegen. Vi oppmoder alle tilsette, studentar og andre som vitjar HVO om å nytte merka parkeringsplassar om dei er nøydde til å bruke bil. Vi har fått gode parkeringstilhøve for sykkel, og bygger ny sykkelparkering utanfor biblioteket på Berte Kanutte-huset.

Kunnskapsdepartementet har fastsett rektorløna ved HVO

Kunnskapsdepartementet har fastsett rektorløna til høgskular og universitet med vald rektor. For Høgskulen i Volda betyr dette at ny rektor får ei årsløn på 1,2 mill. Dette gjeld institusjonar med årleg løyving under 1 milliard. For mellomstore institusjonar vert løna 1,4 mill og for dei største institusjonane med årleg løyving over 3 milliard vert rektorløna 1,6 mill. Lønsfastsettinga gjeld når nye rektorar tek til og vert deretter justert årleg av Kunnskapsdepartementet.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Nytt om HVO-tilsette

Fellesadministrasjonen:

[Ronny Kumar Heggen Bahl](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent
[Silje Marie Flåskjer Brautaset](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent

[Tom Arild Høydal Hamre](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent
[Volodymyr Soroka](#) har fått engasjement som hjelpearbeidar
[Silje Marita Moen Vedvik](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent
[Runa Vik](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning:

[Natalie Ann Donohue](#) har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis
[Torhild Erika Lillemark Høydalsvik](#) har fått fagleg opprykk til professor

Avdeling for kulturfag:

[Janne Heggvoll](#) har fått fagleg opprykk til førstelektor.

Avdeling for mediefag:

[Førsteamanuensis Thomas Lewé](#) har fått 50 % permisjon fram til 31.03.24 og skal i denne tida arbeide som professor i Tyskland
[Håvard Strand](#) har fått fagleg opprykk til høgskulelektor

Avdeling for samfunnsfag og historie:

[Nerissa Morales Solvang](#) har fått fast stilling som seniorkonsulent - ho kom frå stilling i fellesadministrasjonen
[Anna Elfrida Hovde Vollsund](#) har vorte engasjert som høgskulelektor

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Vattøy og Gamlem har publisert i Scandinavian Journal of Educational Research

[Førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy](#) og [professor Siv Gamlem](#), begge AHL, har publisert artikkelen: "[Students' experiences of peer feedback practices as related to awareness raising of learning goals, self-monitoring, self-efficacy, anxiety, and enjoyment in teaching EFL and mathematics](#)" i tidsskriftet Scandinavian Journal of Educational Research.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre](#).

[Høgskulelektor i musikk - søknadsfrist 15.4.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i friluftsliv - søknadsfrist 19.4.2023](#)

[Direktør for Studentsamskipnaden i Volda \(SiVolda\) - søknadsfrist 2.5.2023](#)

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag - søknadsfrist 15.8.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO](#).

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)
25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket
31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
[Animation Volda](#)
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

27.3.2023: [Jan Ove Ulstein har disputert. Nokre personlege notat](#)
9.3.2023: [Orientering til høgskulestyret, mars 2023](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

ØrstaVolda.no

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)